



Jørn Øyrehagen Sunde under eit tidlegare besøk i Uskedal kyrkje.

Dei næraste månadene kan vi høyra den populære og dyktige føredragshaldaren, professor Jørn Øyrehagen Sunde, ved tre ulike høve her i Kvinnherad. Dei to første gongene er han i Baroniet Rosendal, medan han kjem til Uskedal kyrkje den 8.september. Det vert ulike tema dei tre gongene.

Allereie førstkommande laurdag er den utflytta uskedelingen på plass i Baroniet Rosendal. Då held han eit fødrag med tema tilknytt dette slottet: 'Menneska og livet innafør slottsmurane på fyrste halvdel av 1800 talet.' Denne dagen vert det også fødrag ved Ulf Holmene, fagdirektør Riksantikvaren.

Den 26.august er Jørn tilbake i baroniet. Då føreles han på historisk seminar om reformasjonen saman med forfattar Elisabeth Aasen, professor i teologi Tarald Rasmussen og professor emeritus Gunnar Danbolt. Overskrifta på Øyrehagen Sunde sit fødrag då vert 'Kristoffer Rustung – Reformasjonen, Nordsjøen og litt Ville Westen.'

Fredag 8.september kjem så Jørn Øyrehagen Sunde tilbake og held fødrag i Uskedal kyrkje. Tema den kvelden er også knytt til refomasjonen. Tittelen er 'Fem tesar om reformasjonen sine verknadar på vårt samfunn'.

Jørn Øyrehagen Sunde har ved fleire høve besøkt kyrkja i bardomsbygda med ulike tema dei siste åra. Publikumsbesøket har alltid vore godt, og tilbakemeldingane frå dei har vore særdeles gode. Sterke ønskje frå publikum ligg også til grunn for at han no kjem tilbake i samband med at det er 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 tesene sine på kyrkjedøra på slottskyrkja i Wittenberg. Det er alltid så interessant å høyra på dei klare føredraga frå Øyrehagen Sunde som er ein formidlar av særdeles høg klasse. Han stiller alltid utan manuskript. Det let han vera på 'innvendeslomma'. Han har fått fleire høgthengande formidlarprisar, og mange set han i klasse med Frank Aarebrot som formidlar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
 Akivfoto: Ola Matti Mathisen